



Notat

Dato: 16.02.2015
Arkivsak: 2015/2028-1
Saksbehandlar: oydzien

Til: Opplærings- og helseutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Svar på munnleg spørsmål vedk. fråsegner

Fylkesrådmannen viser til møte i Opplærings- og helseutvalet 20.01.2015 der representanten Rosalind Fosse stilte munnleg spørsmål vedk. saker/fråsegner frå Hordaland fylkeskommune der Opplærings- og helseutvalet kunne gje uttale på vegner av HFK.

Fylkesrådmannen viser i denne samanheng til Hordaland fylkeskommune sitt delegasjonsreglement. Under overskrifta «Reglement for utvala», pkt. 2 «Oppgåver» står det følgjande:

b. Saker der utvala har avgjerdsmynde

- Fordeling av statlege tilskot og stønadsordningar som fylkeskommunen er sett til å ivareta og som ikkje gjeld næringsføremål.
- Fordeling av fylkeskommunale tilskots- og stønadsordningar som ikkje gjeld næringsføremål.
- Saker etter fullmakt fastsett i reglement for delegasjon etter særlov.
- Saker som overordna organ delegerer til utvala.
- Tildeling av fylkeskommunale prisar relatert til saksområdet.
- Fordeling av midlar til ombygging av fylkeskommunale bygg innanfor gitte rammer.
- Fordeling av løyvingar til større undervisningsutstyr.

c. Saker der utvala gjev tilråding

- Planleggings- og økonomisaker.
- Saker der fylkesutvalet tek avgjerd etter innstilling frå utvala i samsvar med reglement for delegasjon etter særlov.

d. Fråsegner

- Fråsegner på vegner av Hordaland fylkeskommune vert å leggja fram for fylkestinget/fylkesutvalet.
- ***Utvala kan gje sjølvstendige fråsegner innan sitt/sine saksfelt.***

Fylkesrådmannen tolkar delegasjonsreglementet pkt. d slik at Opplærings- og helseutvalet kan koma med ei sjølvstendig fråsegn der høyringstema er innanfor utvalet sitt saksfelt, og at denne type høyringssak såleis ikkje treng handsamast i fylkesutvalet.

